

ÅRSMELDING

FOR ULLENSVANG MÅLLAG 2018

4.3.2018 – 10.3.2019

Arbeidsåret

Styret har vore:

Leiar: Johannes H. Sekse, Nestleiar: Amund Velure, Kasserar: Jorunn N. Opedal, skrivar: Helga Utne, styremedlem: Sissel Opheim.

Vara: 1. vara: Inge Reinsnos, 2. vara: Tone Reinskou Bjotveit, 3. vara: Tora Opdøl.

Valnemnd: Jan Gunnar Strand, leiar, Tone Heistad, Kari Bjørkavoll Eitrheim

Årsmøtet 2018

Kulturdelen: 14 personar var møtte fram til fyrste delen av årsmøtet. Johannes H. Sekse, ynskte velkomne til både innbedne gjester - Silje Skare Storhei, Dina Ystanes, Sunniva Tjalvin Alvsåker, og Magne Velure – og andre. Me heldt til i dei trivelege lokala i Nærbutikken på Grimo, og vart godt mottekne av Siri Aarekol. Ho hadde sjølv smurt gode snittar, og sytt for ei god blautkake. Programmet opna ved at Silje Skare Storhei, spela ein melodi på toradar. Ho var ung, men veldig flink å spela. Går på musikkskulen. Jorunn N. Opedal stod for presentasjon og premiering av dei to stilvinnarane frå 10. klasse på ungdomsskulane, Dina Ystanes - Kinsarvik skule og Sunniva Tjalvin Alvsåker, Hauso skule. Dei fekk 1500 kroner kvar. Jorunn forklarar korleis det heile var lagt opp. Ho trekte fram dei positive sidene ved språk og innhald på ein fin måte, og ho las utdrag frå stilane, før ho overrekte prisane. Johannes las opp grunngjeving og let Siri Aarekol dela ut målprisen til Magne Velure. Prisen var eit kunstverk laga av Mustafa Al Bayati, ei messingplate og eit særtykk av grunngjevinga. Magne sette stor pris på utmerkinga, og takka mellom anna ved å fortelja litt om bloggen sin, korleis ideen om boka vart til og kort om prosessen fram til ferdig bok («Kvardagsord»). Han las også ei av forteljingane i boka. Ingunn van Etten stilte ut dei originale illustrasjonane frå boka. Dei er for sal, og vil verta hangande i kafélokalet i fjorten dagar. Så spela Silje Skare Storhei ein melodi til. Ho fekk 500 kroner for oppdraget. Arvid Langeland, fortalde om bakgrunnen for at han har skriva den nye ordboka med minigrammatikk, bokmål-nynorsk ordliste og ordliste på 38 000 ord. Boka er skriven i ei tradisjonell og «einskapleg» norm, som Ullensvang mållag vonar vil verta teken i bruk både i heradet og andre stader. Ullensvang mållag har og sendt grunngjeve innspel til landsmøtet i Noregs mållag om at denne norma bør verta vedteken som offisiell nynorsknorm. Før sjølve årsmøtet tok til, var det matøkt med gode snittar og kake.

Årsmøtet: Årsmøtet vart halde søndag 04.03.2018 i kaféen/nærbutikken på Grimo.

Kunngjering om årsmøtet vart annonsert i Hardanger Folkeblad, 14 dagar på førehand – og på facebook. Styret og ein person utanom møtte. Johannes H. Sekse leia møtet, Sissel Opheim refererte. Guttorm Rogdaberg og Amund Velure vart valde til å skriva under protokollen.

Årsmeldinga vart gjennomgått og godkjent. Rekneskapen vart godkjent med følgjande merknader: Det er kome inn omlag 30.000 kroner meir i boksal sidan januar. Det er ikkje sendt ut rekningar til ein del utsalsplassar enno. Arbeidsplanen vart godkjent med følgjande merknadar: Vinjekveld på Huse Gjestegard og forfattarbesøk av Anders Totland. Val: Johannes H. Sekse leiar. Attvald for eitt år: Jorunn Normes Opedal, ikkje på val. Helga Utne, ikkje på val. Amund Velure og Sissel Opheim, valde for 2 år. Varamedlemmer: 1. Inge Reinsnos, 2. Tone R. Bjotveit, 3. Tora Opdøl.

Styremøte

Styret har hatt 4 møte – 12. mars, 2. oktober, 21. januar og 20. februar 2019. Det har elles vore utveksla svært mange epostar. Det er protokollert saker. Samarbeidet og arbeidet i styret har vore svært bra. Alle har teke ansvar og stått på.

Møte med leiinga ved Sørø på Husnes 18. juni.

Johannes møtte frå Ullensvang mållag, medan Knut O. Dale møtte frå Odda, Solveig Grønlien og Øystein Skjæveland frå Hordaland mållag og Kristian Bringedal, Kvinnherad mållag. Det var eit godt og nyttig møte, sjølv om det var i grenseland, geografisk. Men det kan vidareførast til dei store verksemdene her inne i fjorden i neste omgang. Hydro Husnes brukar nynorsk i tillegg til engelsk. Dei fleste dokument er skrivne på nynorsk. Marit Bakke frå leiinga, kom mellom anna med fylgjande gullkorn: «Nynorsk er eit språk, ikkje bokmål med nynorske ord». Noko som me har teke med i vår eiga «marknadsføring». Johannes leia møtet.

Ope møte i Odda

Leiaren deltok på eit ope møte i Odd mållag i etterkant av årsmøtet deira, søndag 24. februar 2019. Tema var framtidsvegar i målarbeidet. Nestleiar i NM, Peder L. Hauge innleia til ein interessant og til tider frisk debatt.

Gåver, søknader og tilskot

Styret handsama fire søknader om økonomisk støtte. Dette er noko som i utgangspunktet ligg utanfor vedtektene våre. Styret har likevel handsama og vurdert alle søknadane grundig.

Søknad om tilskot til kulturhistorisk turløype på Aga. Heile styret var imponert over, prosjektet, men eit fleirtal på tre mot ein, fann at det trass alt låg utanfor,

Søknad om tilskot til tillitsvald-samling «Meir nynorsk i kvadagen» i Bergen. Samrøystes avslag.

Søknad om støtte til «Framtida junior» Styret støtta saka med klassesett i tilknytning avisveka i november, og eitt årsabonnement til dei fire skulane i heradet.

Tilbod om å kjøpa biografien om Edvard Os, den fyrste skirvaren i Noregs mållag, vart ikkje handsama i styret, men avsege via epost. Søknaden var elles skriven på bokmål.

Stønad til barnebokveke. Ullensvang mållag har løyvt 4.000 kroner til den planlagde Nynorsk barnebokveke i samband med bokåret 2019. Pengane er øymerka til dei to biblioteka i Ullensvang.

Målarbeid

Utssending til Landsmøtet i Noregs mållag, nynorsknorma:

Erlend Trones tok på seg oppgåva med å fremja Langelandnormalen og «Nynorsk ordbok» som framtidig nynorsknorm. Arvid Langeland var med og utarbeidde fråsegna. Erlend gjorde ein glimrande jobb, og me fekk god støtte men diverre ikkje fleirtal.

Nynorsken i butikkane/næringslivet:

Sissel og Jorunn laga eit skriv til medlemmene i Ullensvang næringsforum og andre næringsdrivande i heradet. Det vart ei sakleg, informativ skriv, med ein del gode døme på

nynorske alternativ for bokmål. Dei tok og direkte kontakt med fleire av dei næringsdrivande i Kinsarvik. Amund var innoom butikkane på vestsida. Siri på Nærbutikken sa at ho gjerne ville bruka meir nynorsk, og ho kjøpte til og med ordboka til Langeland.

.Kulturarrangement- «FerdaVINJE»:

Johannes hadde eit planeggingsmøte med vertinna på Huse Gjestegard, Liv Jorunn Gausel om samarbeid om programmet «FerdaVINJE». Styret vedtok å gjennomføra. Kulturkvelden vart skipa til den 11. april. Vellukka. Jorunn og Sissel stilte opp.

Forfattarbesøk.

Me hadde ein avtale med forfattar Anders Totand frå Stord, men etter at Vinjeprogrammet dukka opp, og Totland både var på Littertursymposiet i Odda og på skulevitjing i Kinsarvik, vart det droppa.

Nytt bokprosjekt:

I tråd med arbeidsplanen har me teke kontakt med familien Hesthamar om utgjeving av ei minne-/merittbok om Torolv Hesthamar. Dette arbeidet er så vidt kome i gang. Me ventar på svar frå familien i skrivande stund.

Sal av bøker og kort:

Me har liggjande mange konfirmasjonskort (jente) og brudlaupskort på lageret i Borgstova. Dei tok me fram og selde. Korta er illustrerte av Ingunn van Etten. Me selde til saman 46 kort – og fekk inn 1380 kroner.

Samla sett er det selt 194 eksemplar av «Kvardagsord» som gav 61.700 kroner. I tillegg har med selt 1 stk Gudlabadne. Kvardagsord har lege og ligg stort sett framleis for sal på Voss bokhandel, Huus Bokhandel Øystese, Mass Hus, Spar Kinsarvik, Bunnpris Lofthus, Åkrafjordtunet, Jondal Coop, Nærbutikken på Grimo og Gravdahl Lillehammer og Norli Odda. Den 11. oktober inviterte me oss inn på eit eldrelagsmøte i Grannatun på Sekse, der medlemmer frå alle tre laga på austsida var med. Johannes møtte og selde 6 bøker til nedsett pris 300 kroner. Sidan bokprosjektet «Kvardagsord» har kome i pluss, vedtok me å setja ned prisen til 300 kroner.

Sal av nynorskordboka:

Johannes overtala redaktøren i Hardanger Folkeblad, til å kjøpa inn nynorskordboka, og han tinga 8. Han har elles selt ein del bøker til enkeltpersonar. Laget er i skrivande stund i ferd med å introdusera henne for leiinga i Ullensvang herad

Ros til lokalavisa:

Torsdag 20. desember møtte Johannes, Ullensvang mållag, Knut O. Dale og Solveig Grønlien, Odda mållag, redaksjonen i Hardanger Folkeblad. Me rosa avisa for betre og meir nynorsk den siste tida. Me hadde med oss kaker og eplesaft. Noko som vart sett stor pris på.

Fråsegn namnesak:

Me hadde tre stadnamnsaker til fråsegn, men valde å ikkje gje innspel då me følte me ikkje hadde føresetnad for det.

Fråsegn – framlegg til endringar i lov om stadnamn:

Etter grundig førearbeid av Erlend Trones, signerte og sende Johannes inn ei fråsegn til Kulturdepartementet. På grunn av kort frist, godkjende styret dette i etterkant. Fråsegna samsvara også med tilsvarande frå Folkeminnelaget.

Målbruken på Odda vidaregåande skule.

Guttorm Rogdaberg lukkast å koma i kontakt med Linda Eide like før årsmøtet i fjor. Men heile saka vart lagd litt på is. Odda mållag inviterte derimot leiar Magne Aasbrenn i fjor haust. Dei hadde møte med skuleleiinga, redaktøren i Hardanger Folkeblad og Fellesnemnda for

Ullensvang, Odda og Jondal.

Framtida for de tre lokallaga.

Styret i Ullensvang mållag har diskutert spørsmål om evt. samanslåing av Odda, Jondal og Ullensvang mållag, men kome fram til at det ikkje er ynskjeleg. Me meiner det er meir å tapa enn å vinna, og at det går godt an å samarbeida om spørsmål som krev det. Så langt har me oppfatta at det er slik i dei to andre styra og. Forslag om samanslåing må difor koma frå andre. Då må det sjølvstøtt takast opp som årsmøtesak. Noregs mållag har ikkje føringar for dette, og har svara at det er eit lokalt spørsmål og ikkje noko sentalt krav.

Målprisen

Målprisen for 2018 gjekk til Magne Velure, mellom anna på grunn av den rause gåva (gratis manus) og innsatsen i samband med utgjeving av boka «Kvardagsord». Styret har også kåra målprisvinnar dette året. Vedkomande får prisen overrekt på årsmøtet 10. mars.

Møte med målpriskunstnaren

Sissel, Jorunn og Johannes møtte Mustafa Al Bayati og drøfta oppdraget med han. Mellom anna kom det inn eit nytt moment om korvidt portrett av vinnaren skal dominera eller ikkje. Det var nyttig, og årets vinnar sette pris på å få spørsmålet. Det er difor noko ein bør gjera ved seinare tildelingar, dersom ein ikkje finn andre, faste motiv, slik ein hadde før.

Stiltevljing.

Ullensvang mållag skipa også i 2019 til stiltevljing i ungdomsskulane. Juryen har vore styret i mållaget. Namna på dei to vinnarane vert gjort kjent under tildelinga på årsmøtet 10. mars. Dei får tildelt kr 1500,- kvar.

Regelen er at norsklærarane skal plukka ut 3 stilar frå ein heildagsprøve eller frå ei anna skriveoppgåve. Diverre sende ein av skulane stilar frå alle 10.klassingane. Dette førde til ekstra arbeid for oss i styret. Me i styret har drøfta at det kan vera stor skildnad på ein stil som er skriven heime og ein stil som er skriven på ein heildagsprøve under tidspress.

Neste år bør me ha eit møte med norsklærarane der me drøftar desse tinga.

Målblom.

Styret har i arbeidsperioden delt ut målblom til Jorunn Børve, som har fått han overrekt - og vedteke å gje målblom til: Mari Svartveit Hansen, Karl H. Ystanes og Eli Lund. «Blomen» er ein spesiallaga diplom i råme. Dei tre siste er ikkje overleverte enno.

Språket i Ullensvang herad.

Tilsette og administrasjonen i Ullensvang herad har i mange år brukt eit godt og dialektnært skriftspråk. Det takka vera at heradet i mange år skipa til nynorsk kurs for dei tilsette. I det siste har ein meir og meir sett døme på at skriftspråket ikkje har vore prioritert. Språket er ofte ei blanding av bokmål og nynorsk, og ordformer og bøyingar vert brukt lite konsekvent. I tråd med arbeidsplanen, har mållaget difor teke kontakt med ordførar og rådmann og peika på situasjonen. Me har bede om at ein så snart som mogeleg set i gang nye kurs, og at heradet revidrer målbruksplanen sin. Mållaget ynskjer og eit møte med leiinga i heradet, for å drøfta situasjonen. Me har ikkje motteke svar i skrivande stund. (3. mars).

Anna arbeid i laget:

Styret held på å laga ei **epostliste** over medlemmene for lettare å informera og kommunisera. Det arbeidet tek mykje tid, og er ikkje heilt ferdig.

Arkivering: Erlend Trones henta arkivmaterialet til Ullensvang mållag frå heradshuset, og tok hand om det. Styret takka ja til arkivering i «Ullensvang lagsarkiv» på Smelteverkstomta i Odda. Det er gratis og har nesten ubegrensa plass. Erlend har og tilbode seg å få materialet på plass. I tillegg kjem nokre permar som noverande leiar og skrivar har.

Boklager i Borstova i Kinsarvik. Mållaget disponerer eit lagerrom saman med folkeminnelaget i Borstova. Her har me ei mengd med tidlegare utgjevne bøker. For å få utnytta rommet mykje betre, betre plass og betre oversikt, vedtok me, saman med folkeminnelaget å få laga hyller. Frank Ottar Olsen tok på seg arbeidet, og har gjort ein solid og god jobb. Fleire i styret har vore i sving både med å tømme rommet, reingjera, rydda m.m. I skrivande stund står det att å få bøkene på plass.

Bokgåve til skuleelevar. I si tid vart det trykt opp eit optimistisk stort opplag av den vakre barneboka «Peikefingen» - til Dagfinn Instanes. Det har difor vorte liggjande rundt 600 bøker på lageret. Etter forslag frå tidlegare leiar, Erlend Trones, har styret vedteke å gje eit eksemplar til kvar fyrsteklassing, kvart år, så lenge det er nok bøker til det. Jorunn leverte på Opedal skule, Sissel på Kinsarvik skule og Amund på Hauso skule og Vikebygd skule. Dette vart svært godt motteke.

Markering av laget, målsaka og verving. Styret har diverre heller ikkje i år klart å prioritera verving av medlemmer. For å koma i gang, vedtok me å laga ein informasjons- og vervefaldar. Det vart laga eit utkast, som vart grundig handsama i styret. Faldaren skal leggjast i postkassane. Heradet skulle ha 5 kroner for å kopiera. Eit opptrykk på 1500 eksemplar ville då koma på 7.500 kroner. Me undersøkte difor med Odda Trykk & Reklame. Her fekk me eit tilbod på 2.441 kroner + moms. Og då var det snakk om skikkeleg trykk på halvglansa papir. Dermed vart det valt, og faldaren er no på veg ut til «alt folket».

Facebookside:

Johannes har etablert sida Ullensvang mållag på Facebook, og lagt ut nokre få saker. Den skal utviklast meir. Mellom anna må me leggja ut vedtekter, litt historikk, oversyn over målprisar m.m. Etter sist styremøte, la me til dømes ut at med hadde delt ut barneboka til Dagfinn Instanes til alle fyrsteklassingane. Det førde umiddelbart til at me fekk selja seks eksemplar av den same boka. Facebook kan verta ein god marknadsføringsplass både for mållaget og målarbeidet. Johannes er med i **valnemnda i Hordaland mållag**, for andre året.

Økonomi og medlemstal

Økonomien i laget er bra. Laget hadde i kalendaråret 2018 eit overskot på 51.566,99 mot eit underskot på 13.474,88 kroner i fjor. Eiga er 678.043,06, ein auke frå 626.476,07 i fjor. Av dette kan 500 000 ikkje disponerast.

Rekneskapsfører har vore Jakob Bleie, som gjer ein god jobb.

Laget hadde ved årsskiftet 153 betalande medlemmer, ein mindre enn i fjor.

Takk for arbeidsåret 2018